

STIFTELSEN D/S STORD I
Postboks 1740 Nordnes
5816 BERGEN

Dato: 25.06.2018
Vår ref.: 2017/14814-30
Saksbehandlar: roaland
Dykkar ref.:

DS Stord I - Tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy 2018 - delutbetaling av tilskot

Vi viser til Dykkar brev av 25.05.2018, der de ber om å få utbetalt tilskot til forvaltning og drift av DS Stord I.

Syner til innsendt akseptskjema og førespurnad om utbetaling av driftsmidlane. Det må føreligge eit oppsett over relevante utgifter til drift før heile tilskotet kan utbetalst. I samtale med Harald Kvingedal fekk vi opplyst at slikt oppsett vil føreligge litt lenger ut i, eller etter sesongen. Vi finn det rimeleg å kunne utbetale ca. halve tilskotssummen som eit A-konto beløp, og restbeløpet når eit oppsett føreligg. Av løyvd tilskot på kr. 225.000,- vil vi utbetale kr 110.000,- som forskott.

Kr 110.000,- vert utbetalt til dykkar bankkontonr.: 3624.32.63292.

De har ansvar for å kontrollera at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Monika Cecylia Serafinska
fung. fylkeskonservator

Roald Landøy
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.